



Arkivnr: 2014/555-14

Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Unnateke offentleggjering OFFL § 5

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		03.09.2014

Trafikksikringsprisen 2014

Samandrag

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* er det etablert ein trafikksikringspris som eit nytt trafikantretta tiltak i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Prisen skal difor for fyrste gong delast ut i 2014. Det er sett av 25.000 kr kvart år i denne planperioden.

Føremålet med ein slik pris er å *gje ei påskjønning til dei som legg ned mykje arbeid og engasjement for betre trafiktryggleik i fylket*. Intensjonen er å på ein god måte å synleggjere trafikksikringsarbeidet i fylket, samstundes som prisen vil kunne vere til inspirasjon og motivasjon til vidare arbeid. Det er eit mål at *prisen løfter fram enkeltpersonar eller grupper som har gjort ein særskilt innsats*.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) tildeler Trafikksikringsprisen 2014 til.....

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg 2.

Fylkesrådmannen, 25.08.2014

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* er det etablert ein trafikksikringspris som eit nytt trafikantretta tiltak i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Prisen skal difor for fyrste gong delast ut i 2014. Det er sett av 25.000 kr kvart år i denne planperioden.

Føremålet med ein slik pris er å *gje ei påskjøning til dei som legg ned mykje arbeid og engasjement for betre trafikktryggleik i fylket*. Intensjonen er å på ein god måte å synleggjere trafikksikringsarbeidet i fylket, samstundes som prisen vil kunne vere til inspirasjon og motivasjon til vidare arbeid. Det er eit mål at *prisen løfter fram enkeltpersonar eller grupper som har gjort ein særskilt innsats*.

Fyrst og fremst skal prisen stimulere til engasjement blant dei som i utgangspunktet ikkje har trafikksikring som si hovudoppgåve, men likevel har vist særleg stor innsats i samband med trafikksikringsarbeidet i fylket. Det er likevel slik at også personar som har trafikksikring som sitt daglege virke kan vere kandidatar til å kunne få tildelt prisen.

Det er sendt ut brev til alle kommunane i Hordaland og dei konsultative representantane i FTU med invitasjon til å kome med grunngjevne forslag til kandidatar til trafikksikringsprisen. Det kom inn to forslag til kandidatar.

	<i>Kandidat</i>	<i>Grunngjeving</i>	<i>Forslagsstillar</i>
A	Trafikkfagleg samarbeidsutvalg (TSU) Nordhordland	Frivillig organisasjon i Nordhordland som har eit spesielt fokus på unge trafikantar. Skaper med sitt arbeid eit stort engasjement rundt det haldningsskapande trafikksikringsarbeid i regionen.	Karl Johannes Romarheim, Brannsjef/Einingsleiar Lindås og Meland brannvern/NGIB
B	Rune Bertheussen	Han var ein pådrivar for å få oppretta Trafikksikkerhetshallen i Hordaland. Har gjort ein dugnadsinnsats langt større enn det ein kan forvente i sitt virke som trafikklærer.	Statens vegvesen, Region vest